

Toppturcamp med toppmusikk

30.04.2013

Laurdag rundar Kvinnherad Fjellsportgruppe og Festidalen av skisesongen med toppturcamp og Festidalen stillar naturleg nok med toppmusikk. Orbo er engasjert til å spela solo i Dønhaugkjedlaren laurdag kveld. Han er vokalist og frontfigur i Orbo and the longshots. Dei vant spelemannspris i 2008 for albumet High roller og har turnert land og strand rundt.

For den siste plata Prarie sun fekk dei svært gode kritikkar og terningkast 6 i BT.

Konserten i kjedlaren er inkludert i prisen for campen men det vert opna for eit avgrensa sal for 200 kroner. Påmelding til campen kan sendast post@festidalen.no